

Lånereglar

Det er gratis å låne på biblioteket. Alle som vil låne, må ha lånekort. Du kan få felles lånekort for alle biblioteka i Norge.

- Alle som bur i Norge har rett til å bruke biblioteket sine samlingar. Utlån og bruk er gratis.
- Alle som har nådd skulepliktig alder kan få lånekort. Dei som er under 15 år må ha underskrift av føresette. Dersom du vil ha Nasjonalt lånekort må du vise godkjent legitimasjon.
- Utlånstida av bøker er vanlegvis 28 dagar med rett til å fornye lånet dersom det ikkje er venteliste. Ved lån av dataspel og tidsskrift er lånetida 2 veker og ved lån av filmar er lånetida 1 veke.
- Media som ikkje finst ved vårt bibliotek, kan vi eventuelt låne inn frå andre bibliotek.
- Biblioteket sender purrebrev, ved 2. gongs purring er det purregebyr ved for sein innlevering.
- Biblioteket krev erstatning for tapt og øydelagt materiale.